



Øystein Risa
Gamlastøa 11
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2141 - 22/41719

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
31.05.2022

Søknad om redusert gebyr vert avslått - gbnr 137/184

Administrativt vedtak: **Saknr: 614/22**
Tiltak: Naust og slipp med platting
Byggjestad: Gbnr: 137/184
Tiltakshavar: Øystein Risa
Ansvarleg søkjar: Delta Bolig Prosjektering AS

VEDTAK:

Søknaden om redusert gebyr vert avslått jf. punkt 9 i Alver kommune si gebyr og betalingssetar 2022.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

SAKSUTGREIING

I 2020 ble det søkt om dispensasjon for naust, slipp og kai (sak 20/5275).

Det ble gjeve dispensasjon for naust og slipp, samtidig ble kai i sjø avslått i administrativt vedtak 622/20.

Den 26.02.2021 ble det søkt om løyve til oppføring av naust, slipp og platting. Søkjar fekk mangelbrev kor det ble påpekt at plattingen kravde søknad om dispensasjon. Søkjar meinte at vedtak frå 2020 (622/20) ga tillatels til å byggje frem til sjølina og at dispensasjons difor ikkje var nødvendig.

Adminstrasjonen ga løyve til naust og slipp, mens platting ble avvist i vedtak 1065/21. Det ble i vedtaket påpeikt at ein eventuell klage måtte supplerast med søknad om dispensasjon for platting.

Den 12.11.2021 klaga søkjar på vedtak 1065/21. Søknaden var supplert med søknad om dispensasjon knytt til plattingen. Pga. platting ikkje tidlegare var blitt realitetsbehandla, ble klaga handsama som ein søknad. Søknaden ble avslått i administrativt vedtak 214/22. Søkjar ble fakturert for handsaminga av saka.

Den 22.03.2022 mottok kommunen klage på vedtak 214/22. Det ble klaga på gebyret på kr 17.000. Søkjar viser til Alver kommune ikkje opplyste om at dispensasjonssøknaden ville bli gebyrbelagt.

VURDERING

Det går fram at pkt. 9 i Alver kommune si gebyr og betalingsattsar 2022 at det skal føreligge «særlege grunnar» for at eit gebyr skal reduserast.

Tiltakshavar viser til at det ble opplyst i vedtak 1065/21 om at ein eventuell klage måtte supplerast med søknad om dispensasjon knytt til plattingen, men at det ikkje ble opplyst om at handsaminga av søknaden ville bli gebyrbelagt. Det ble i mangelbrev av 26.04.2021 påpeikt at platting kravd dispensasjonssøknad, i vedtak 1065/21 ble det vist til at platting ikkje har vore handsama tidlegare. At førstegangsbehandling av eit tiltak ville utløyse gebyr er, etter administrasjonen si vurdering, pårekeleg. Kommunen kan ikkje sjå at det føreligg særlege forhold som gjev grunnlag for redusering av gebyret.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottoke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Øystein Risa

Gamlastøa 11 5911

ALVERSUND